



Forskrift om  
personale i kommu..

Kultur- og kirkedep.  
KU  
22.03.2004  
2003.12777 -023

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Aslaug Brattåker [mailto:aslaug.brattaaker@aal.kommune.no]  
Sendt: 18. juni 2004 14:32  
Til: postmottak@kkd.dep.no  
Kopi: Maria Høgetveit Berg  
Emne: Høyring ... personale i folkebibliotek

Sjå vedlegg.

Ål bibliotek  
Kulturhuset  
3570 Ål.  
tlf.: 32085121  
e-post: aber@aal.kommune.no

## Høyringsforslag – personale i kommunale folkebibliotek.

Kultur- og kirkedepartementet har sendt ut eit høyringsforslag om endring i forskrift om personale i kommunale folkebibliotek, med høyringsfrist 1. juli 2004.

### Konklusjon

**På veg mot det saumlause bibliotek er det svært viktig at fagfolka (biblioteksjefane) i dei samarbeidande biblioteka – som i praksis skal bety alle landets bibliotek - har same basiskunnskap og bakgrunn for forståing av utfordringane biblioteka har i møte med ei ny tid. Lik fagkunnskap og basis er garanti for samhandling og forståing for det saumlause bibliotek og samarbeid på breitt grunnlag mellom bibliotek både i Noreg og utanfor landet. Med reduksjon av kravet til eins og same fagutdanning for biblioteksjefar blir denne visjonen vanskelegare å oppfylle.**

### Bakgrunn

Hausten 2002 var det stor diskusjon om blant anna krav om fagutdanna biblioteksjef i samband med utkast til ny lov om folkebibliotek. Saka stilna då statsråden skar gjennom og gjorde berre små endringar i lova i påvente av ein større revisjon.

Det står i høyringsnotatet at det er semje i bibliotekmiljøet om at det er behov for å endre biblioteklova med omsyn til kravet om fagutdanna biblioteksjef i alle kommunar. Det er ikkje semje om dette. På møte med ABM-utvikling den 20.02.04 understreka organisasjonane (Bibliotekarforbundet, Norsk Bibliotekforening, Fylkesbiblioteksjefkollegiet og Fagforbundet) skepsis og undring over forslaget til forskriftsendring no.

Dei seier:

"Vi er av den oppfatning at en forskriftsendring som har som siktemål å uthule §5 i bibliotekloven ikke vil bidra til en positiv og nødvendig utvikling av biblioteksektoren, verken faglig, administrativt eller strukturelt. Videre finner vi et slikt forslag til forskriftsendring vanskelig forenlig med de signaler som statsråden nylig har kommet med overfor sektoren". (Statsråd Valgerd Svarstad Haugland på NBF årsmøte Molde 24. mars 2004.)

Bibliotekarforbundet har deltatt i møte med ABM om saka, og har presisert at fleire av endringsforslaga ikkje kan akseptast og at kommunale folkebibliotek er under press med stadige krav om endringar og tilpassingar og at det ikkje trengst å endre forskriftene no.

Fordi

- 1) Biblioteksektoren er i ein "mellomperiode" i påvente av ny bibliotekutgreiing der mange sider ved norsk bibliotekvesen skal belyst. I kjølvatnet er det truleg at ei ny lov om folkebibliotek vil bli vedtatt.
- 2) Det er no stram arbeidsmarknad med få utlysingar og tilsvarande mange søkjarar på få stillingar. Vidare er det slik - også i fylgje dei gamle forskriftene - at kommunar lett kan få dispensasjon frå kravet om fagutdanna biblioteksjef for ein periode på to år.

Departementet valte å behalde kompetansekravet, og utgreie nærare i samband med utviklinga mot det saumlause biblioteket seinare, men foreslo endringar i tekstene til forskriftene.

Til dei einskilde paragrafane:

§2: Forslaget til nytt fyrste ledd: "Biblioteksjefen er den som har det faglige og administrative ansvaret for kommunens samlede folkebibliotekvirksomhet". Den gamle "Biblioteksjefen er den faglige og administrative leder for kommunens samlede folkebibliotekvirksomhet. ..." er heilt grei og bør behaldast.

Så fylgjer forklaring på kva som ligg i uttrykket fagutdanna biblioteksjef.

Vi har to utdanningsinstitusjonar (HiO og Univ. i Tromsø) som utdannar bibliotekarar og då burde ein definisjon vera grei. Å skulle kunne tilsetja ukvalifisert arbeidskraft fast og fjerne dispensasjonsadgangen for 2 år er eit steg attende sidan forslaget tek sikte på å gjera det enklare for kommunane å få varig dispensasjon frå kravet om fagutdanna biblioteksjef. Paragrafen om fagutdanna biblioteksjef blir det difor lita meining i.

§3 andre ledd, 1.setning: Her bør dokumentasjonskravet gjerast klart på fleire område. Kommunen bør også måtte dokumentere at det både er vurdert og freista å få til interkommunalt samarbeid eller anna samarbeid (i fylgje forskriftene) dersom det er ei deltidsstilling. Dispensasjonsperioden på to år er foreslått fjerna slik at ukvalifisert søkjar kan tilsetjast fast. Dersom intensjonen ikkje er å leggje føringar på kommunane, er dette unødvendig å ta med.

§3 siste setning i forslaget: "Det anbefales at biblioteksjef ansatt på dispensasjon som et minimum har generell studiekompetanse..."

Dette må vera eit absolutt minimum og krav til alle tilsette i bibliotek - der god allmennkunnskap eir heilt avgjerande for å kunne gjera ein god jobb i et bibliotek. Fylgjande: "Den som tilsettes på dispensasjon forpliktes til å gjennomgå opplæring..." kan bli vanskeleg å fylgje opp.

Bibliotekorganisasjonane ynskjer å delta aktivt i ein konstruktiv dialog med ABM-utvikling om å sikre bibliotekfagleg kompetanse også i små kommunar. Problemet er at mange biblioteksjefstillingar er for små til at ein kan leva av dei. Men forskriftene slik dei er no gjer det mogeleg å finne samarbeidsløysingar mellom kommunar der storleiken på stillingane gjer det vanskeleg å få kvalifiserte søkjarar. Det er blant anna mogeleg å bruke andre delar av biblioteklova til å peike på alternative samarbeidsløysingar for små kommunar med deltidsstillingar for å bidra til å sikre fagleg kompetanse i desse kommunane.

Det er underleg at ei regjering som aktivt arbeidar for å stimulere til kommunesamanslåing for di ein trur ein del små kommunar ikkje greier tiltrekke seg gode nok fagfolk samtidig foreslår endringar i forskriftene som svekker kravet til fagkompetanse i spesialiststillingar som biblioteksjefar.

(§4 "... Folkebibliotek kan drives av kommuner alene, eller i delvis driftsfellesskap med annen kommune...." )

Det som skjer i kommunane no, med den økonomiske røyndomen mange opplever, er at stillingar blir reduserte eller at ledige stillingar ikkje vert lyste ut.

Ein snakkar om omstillingar, endringar, kunnskaps- og informasjonssamfunnet. Det bør og skal stillast krav til fagkompetanse hjå biblioteksjefar. Men det nye utkastet fører oss ikkje nærare desse måla.

Så lenge lova framleis stiller krav om fagutdanna biblioteksjef i alle kommunar, opplever ein departementet sitt forslag til forskrift som eit forsøk på å uthole vedtaka som gjev god nok heimel for å gjera unnatak der det måtte vera naudsynt.

Biblioteklova og forskriftene er framleis eit viktig verkemiddel for å sikre grunnlaget for eit nasjonalt bibliotektilbod. Kommunal fridom er godt ivaretatt ved at det er mogeleg å få dispensasjon (for to år).

Kva gjer ABM for å følgje opp dei kommunane som bryt lova, og kva slag oppfølging har dei for å oppmuntre til interkommunalt samarbeid for å sikre heile stillingar i små kommunar, slik at ein kan leva av stillingane? ABM bør bruke ressursane sine på å få kommunane til å fylgja lova og skaffe fagutdanna bibliotekarar heller enn å slakke på utdannings- og tilsettingskrava!

Med helsing  
Ål kommune

Maria Høgetveit Berg  
kultursjef

Aslaug Brattåker  
biblioteksjef